



Brandal 25.09.2012

VELKOMEN TIL BRANDAL-KONFERANSEN 2012

- Ei Sunnmørsk idékonferanse for selfangstnæringa

Dei store bestandane av sel er ein lite utnytta resurs, av kvota på 25 000 vaksne dyr, blei det berre fanga 4 prosent av kvota i år.

Brandal-konferansen vil først og fremst sette fokus på potensialet for innovativ nytenking innanfor fangst, produktutvikling og vidareforedling basert på sel som råstoff. Samstundes er auken av sel-bestanden ein trussel for andre næringar som fiskeri og oppdrett. Konferansen vil difor sjå på både moglegheiter og utfordringar som er knytt til ein berekraftig og internasjonal forvaltning av sel-bestandane.

Ishavsskutene har vore ein viktig del av den maritime klyngja på Sunnmøre, der det var utrusta opptil 50 skuter som alle var heimehøyrande i vår region. Mottaksanlegg på land har vi hatt i alle år, og framleis har vi anlegg for skinn og oljeproduksjon. Brandal-konferansen vil difor ta sikte på og synleggjere potensialet for at ei berekraftig skattlegging av dei store bestandane av Grønlandssel igjen kan verte ein liten del av denne klyngja.

Konferansen vert arrangert etter initiativ frå Ishavsmuseet Aarvak, formidling og dokumentasjonssenteret i Brandal, og Polargodt AS i Tjørvåg. Ishavsmuseet på Brandal omfattar blant anna landets største opplevingssenter for selfangst. Foreininga Ishavsmuseets Venner har over 600 medlemmar med unik interesse og kompetanse for selfangstnæringa. Polargodt AS har drive med produktutvikling og produksjon av sel-produkt sidan 1998. Dei er mest kjent for merkevara Polarolje, og har også fleire andre produkt innanfor kosttilskot for menneske og dyr.

Meir informasjon og fullstendig program, sjå vedlegg.

For påmelding, ta kontakt med Ishavsmuseet Aarvak **innan 19. september**.

Tlf: 700 92 004 eller E-post: post@ishavsmuseet.no

Deltakaravgift kr. 950,- inkludert lunsj to dagar og middag torsdag. I tillegg blir det servert kaffi og kaffimat.

Det er reservert et antall hotellrom på Hareid Hotell (T: 70 09 24 11) og Quality Hotel Ulstein (T: 70 01 30 00)

For reservasjon, ta direkte kontakt med hotella.

Velkomne til Brandal.

PROGAM FOR BRANDAL-KONFERANSEN 2012

TORSDAG 25. OKTOBER

- 10.00 Registrering
- 11.00 Velkomsthelsing ved Willy Nesset
- 11.10 Opning av konferansen, ved Fiskeri og Kystdepartementet (FKD)
- 11.30 Situasjonen i dagens selfangstnæring ved Arnfinn Karlsen
- 12.00 Oversikt over selfangstnæringa dei ti siste åra ved Atle Birkeland
- 12.30 Lunsj
- 13.30 Moglege konsekvensar ved eit totalt bortfall av sel og kvalfangst ved Arne Bjørge
- 14.30 Kan ein definere sel og kval som ein trussel mot pelagisk sektor ved Tore Roaldnes
- 15.00 Pause
- 15.30 Konsekvensar for dagens plassering av oppdrettsanlegg ved ein eventuell ny selinvasjon ved Fiskeri-og havbruksnæringas landsforeining
- 16.30 Pause
- 16.45 Forskinga på feitt og protein frå sel dei ti siste åra ved Livar Frøyland
- Kva seier forskarane no?
- 17.15 Helsegevinstar ved inntak av selolje og kjøtt ved Arnold Berstad
- 18.00 Omvising på Ishavsmuseet ved Harald Knudsen
- 19.30 Middag med underhaldning
- ca 00.00 Buss til hotella

FREDAG 26. OKTOBER

- 09.00 Buss frå Hareid Hotell til Ishavsmuseet
- 09.30 Oppsummering dag 1
- 09.45 Kva må til for å auke lønnsemda i selfangstnæringa ved Arnfinn Karlsen
– Presentasjon av ferdige produkt
- 10.30 Korleis oppfattar opinionen ute Noreg i høve sel og kvalfangst?
- 11.00 Pause
- 11.20 Kva slags støtteordningar som kan vere aktuelle for tiltak og prosjektutvikling ved Louis Nordstrand
- 11.45 Paneldebatt
- 13.00 Avslutning med lunsj

Konfransier: Knut Arne Høyvik